

Lona

FRÅ VATN TIL SLETTE

Ein treng ikkje mykje fantasi for å sjå at der elva no buktar seg nede i Røssebotnen, har det vore eit vatn. Det fortel landskapet – klarare enn noka lærebok.

Let synleg frå vegen etter hårnålssvingen ved Høysæteravkjørsla, på veg mot Kvamskogen, ligg LONA i Røssebotnen. Lona (gammalnorsk *lon*, stilt vatn) har fått namnet sitt frå dette rolege partiet i den elles så villstyrige Frølandselva.

Det var isbreen som grov ut trauet i fjell-

grunnen som vart til eit lite vatn. Då breen trekte seg attende, vart lausmassar førte ut i vatnet. Massane vart først avsette som eit delta i sørenden av vatnet. Elvesletta vart skapt då vatnet til slutt var fylt opp. Elva har seinare laga buktande svingar (meandersvingar, ®255) på denne sletta.




330 Same elva, men under ulike tilbøve: Lona i flaum i juni (nedst) og i april med mindre vatn (øvt).
(Svein Nord)

FALDA FJELL

Langs vegen frå FRÖLAND mot Kvamskogen kan vi sjå at fjellet er samansett av ulike lag. Desse laga er kraftig bøygde eller falda. Sjølv lagdelinga vart til i dei store fjellkjederørslene i silurtida. Store bergmassar, skyvedekke, vart frakta kilometer på kilometer mot aust i denne perioden. Etter at dei veldige rørslene tok slutt, byrja dei same bergmassane å gli vestover att. Dette skjeddde for om lag 400 millionar år sidan. På attendevegen mot vest kom laga i klemme og vart krølla eller falda.

Slike faldingar finn vi mange stader i skyvedekka, men dei er spesielt iaugefalande i Bergsdalsdekka ved Frøland. At laga ikkje sprakk opp, men falda seg, fortel at fjellet framleis var varmt nok til å eltast som ein deig. «Varmt nok» i denne tydinga er temperaturar på over 300 °C.

Beste staden å sjå desse faldingane er ved den nedre munninga av Liarostunelen og vidare langs vegen mot Frøland.



Vekslinga mellom lyse, granittiske lag og mørkare gneis synleggjer faldinga. Denne vekslinga har òg vore medverkande til at faldinga opphavleg vart danna.

(Haakon Fossen)



Svein Nord